

Stor suksess for Open Gard i Omvikdalen

23.08.2008



Revuro Samdrift er eit luftig og rasjonelt anlegg. Samdrifta har 40 kyr og 90 ungdyr og produksjonen er 273.000 liter mjølk og 13 tonn slakt i året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er berre å innrømme det: Dei kan verkeleg få det til når dei bed inn til store lag også i Omvikdalen. Open Gard på Revuro Samdrift laurdag vart ein stor suksess, med imponerande innrykk av folk i det fine veret og eit variert tilbod av aktivitetar og attraksjonar. Det var rundt 500 innom arrangementet. Samla sett var det ein framifrå PR-dag for den mest driftige og ekspansive jordbruksbygda på våre kantar.



.Uskedelingen Trond Olsen demonstrerer Fowler-bulldosaren frå 1953. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var også eit betydeleg innslag av uskedelinger. Til dømes var Trond Olsen på plass med to bulldosarar og to traktorar frå si unike samling. Og det er rart med nostalgien: Ein Fowler bulldosar frå 1952, ein Oliver bulldosar frå 1956, ein Fahr traktor frå 1959 og ein Guildner traktor frå 1955 vekte atskillig større interesse både blant unge og atskillig eldre enn dei moderne maskinane som sto som ein mur i bakgrunnen.

Fowler-en har sine røter i mellomkrigstida, må skytast i gang med krutt og er ein-sylindra. Han høyrest nærmast ut som ei gamal fiskeskøyte og det er ikkje å undrast over at han vekte oppsikt då Trond hadde han med på Norsteam i Bergen i 2005.

Det kan alltid diskuterast kor mykje ein skal pussa opp slike gamle maskiner før ein øydelegger særpreget, men Fahr-en var i hvert fall som ny å sjå til.

For dei som tilhøyrrer den litt eldre generasjon var det ei stor oppleving å høyra Trond ause av sin utrulege kunnskapsriksdom om dei gamle maskinane.



Randi Flatebu viser korleis dei kinna smør i tidlegare tider. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Apropos ekspansiv jordbruksbygd: Bondelaget., bygdekvinnelaget og 4H held Open Gard annakvart år. Sist heldt dei til på skuleplassen og dette var første gongen dei rykka inn på Revuro som er berre eit av fleire døme på vellukka samdrift. No er det seks slike samarbeidstiltak i gang i bygda og ytterlegare eitt er under bygging medan eitt er under planleggjing.

Talet på mjølkeprodusentar held seg også bra i Omvikdalen og ligg no rundt 30. Kvantumet har auka fordi produsentar har kjøpt meir kvote enn den som har gått ut.

Dette med samarbeidstiltak har også i høgste grad forplanta seg seg til kraftproduksjon. No har Omvikdalen fire nye kraftverk medan tre til er under planleggjing. Uskedalen har diverre framleis ingen, sjølv om det ryktevis no er to under planleggjing.....

Eitt av kraftverka i Omvikdalen ligg like ovanfor Revuro og mange imponerte interesserte var innom også der laurdag.

Det mangla ikkje på kreativitet under Open Gard. Utvalet av dyr frå katt til oksar var imponerande og det same var innslaga på underhaldningssida. Eventyrstund på Nistovetunet var eitt av innslaga. Og vi har aldri før høyrte om tevling i jurklutkasting. Heldigvis vart både dei tre beste og dei tre dårlegaste dopingtesta etterpå!

Av Ola Matti Mathisen



Trioen Martin Arnesen (6, Uskedalen), Eirik Steinsvik (4, Rosendal) og Marius Rød Hauso (6, Uskedalen) var mest begeistra for den tyskproduserte Guildner frå 1955. (Foto: Ola Matti Mathisen)